

Oppmannsrapport etter fellessensur

17/6-25

Molde

Oppmannsgruppa i Møre og Romsdal

Denne rapporten er utarbeidd av oppmannsgruppa i Møre og Romsdal. Vi har diskutert eksamen i oppmannsgruppa, og også fått innspel frå andre sensorar både på skuleringa og på fellessensuren.

Fellessensur og sensorskulering

Sensorskuleringa vart gjennomført i Molde 2.juni, og fellessensuren vart gjennomført same stad 17.juni. Alle sensorane deltok på begge samlingane, og vi var i alt 20 personar.

Innhaldet på skuleringa:

1. Informasjon om vurderingsarbeidet og gjennomgang av presentasjonen vi fekk på førehandssensuren.
2. Gjennomgang av oppgåvesettet, inkl. kommentarar frå førehandssensuren.
3. Innspel frå sensorane på oppgåvesettet og kommentarar til elevsvar.
4. Arbeid i grupper med vurdering av eksempelsvara frå førehandssensuren.
5. Oppsummering av dagen, og rom for spørsmål og kommentarar.

Innhald i fellessensur:

1. Informasjon frå statsforvaltar
2. Gjennomgang av den praktiske gjennomføringa
3. Karakterstatistikk og kommentarar.
4. Informasjon om bruk av oppmannsgruppa.
5. Samordning

Rettleiingsmateriellet

Det var ingen kritikk av eksamensrettleiing og sensorrettleiing på sensorskuleringa, og justeringane som kom etter førehandssensuren vart sett på som positive. Vi vil også gi eit stort pluss for nytt vurderingsskjema. Veldig fint å kunne skrive kommentarar til kvar oppgåve. Dette gjorde samordninga enklare og meir effektiv.

Kommentarar til eksamensoppgåvene

- Fin variasjon i oppgåvene.
- Poengfordelinga var god.
- Fin inngangsterskel på dei fleste oppgåvene.
- Det ser ut til at elevane har hatt god nok tid til å svare på heile settet.
- Oppgåve 3a på del 2: Mange elevar mista poeng pga. forklaring av talet 1,04. Vi trur at elevane var usikre på korleis dei skulle formulere seg, men viser at dei kan bruke talet i praksis.
- Den siste oppgåva på del 2 var betre i år, og vi opplever at ho skiljer godt mellom dei ulike kompetansenivåa.
- Vi såg at open oppgåve var borte i år, og vi trur det var betre for dei fleste.
- Elevane hadde gode høve til å nytte digitale verktøy.
- Elevane kan få vist kompetanse på mange oppgåver på del 2, og vi har sett at dei kan få til b-oppgåvene utan at dei har fått til a.
- Vi synest det var eit greitt språk gjennom heile settet.
- Sensorane opplever at kompetansemåla er dekkja gjennom dette oppgåvesettet.

Praktiske gjennomføring av eksamen

- Det kan vere vanskeleg å vite om alle sider er levert når skulane ikkje nummererer vedlegg.
- Nokre skular stemplar prøvesvara. Vi ser helst at dette ikkje blir gjort pga. anonymitet.
- Hugs å skrive på antal sider på del 2 slik at sensorane veit om alt er levert.
- Dårlig penn og mørke ruter, i tillegg til dårleg handskrift, gjer det vanskeleg å følgje elevane sin matematiske argumentasjon.
- Som i fjor ynskjer vi å sjå meir rekning eller vising av framgangsmåtar.

- Kanskje bør elevar bli oppmoda om å skrive det meste av delprøve 2 på pc når handskrifta er så dårleg at det er problematisk å tolke kva som er skrive.
- Skulane bør jobbe med skriftleg orden. Det kan vere øyeleggande for elevane når det som blir gjort ikkje er råd å tolke.
- Vi ser helst at alt blir levert i ei eller to filer. Det er tidkrevjande å opne mange filer i ulike format.
- Skulane må framleis passe på at alle sider blir scanna.

Oppsummering

Vi har hatt eit godt inntrykk av eksamen, der elevane har fått varierte oppgåver og fått vist kompetansen sin. Sensorane har også hatt ei god oppleving av rettearbeidet. Informasjonen frå både Udir og statsforvaltaren har vore god heile vegen, og all tilrettelegging har som vanleg vore upåklageleg.

Frode Myklebust, Asta Hoem, Geir Ove Søyseth, Torill Lind